

Solveig Gjerde Eikanger Namdal  
Mykingvegen 153  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13832 - 20/51655

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)


Dato:  
02.09.2020

## Svar på spørsmål om frådeling av tomt - gbnr 211/2 Eikangerlien


Alver kommune viser til førespurnad om planstatus og moglegheit for frådeling av ny grunneigedom på gbnr 211/2.

Eigedomen gbnr 211/2 ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås er avsett til LNF-føremål (landbruks-, natur- og friluftsføremål). Ein mindre del av eigedomen ligg innanfor eit større samanhengande område som i planen er avsett til LNF med spreidd bustadbygging, LSB16. Sjå det området som er merka lysegrønt i kartutsnittet.

Utsnitt av kommunedelplanen for Lindås



Kart som viser ny tomt



I området LSB16 kan det førast opp inntil 6 bustadar i planperioden utan at det vert sett krav om utarbeidning av reguleringsplan. Nye bustadar skal vera einebustadar med ei bueining.

De må senda inn søknad om frådeling av ny grunneigedom. Før kommunen kan behandla søknaden om deling må eigedomen ha godkjend løysing for vatn og avløp, som i dette tilfelle vil bety tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg, tilkomstveg og avkøyrslle til offentleg veg.

Ved søknad om frådeling av ny grunneigedom skal kommunen sjå til at eigedomen er eigna til bygging, det vil seia at han skal vera tilstrekkeleg stor og ha ei form og plassering som gjør at ein kan bygga tomten ut. I samsvar med kommuneplanen sin bestemmelser er minste tomteareal for bustadar 650 m<sup>2</sup>. Det er vidare krav om at tilkomstveg skal ha minst 3 meter breidde og stigning som ikkje er større enn 1:8, kvar bustad skal ha tilstrekkeleg areal til 2 parkeringsplassar på 18 m<sup>2</sup> kvar, plass til å kunne snu på eigen grunn og 200 m<sup>2</sup> uteoppahaldsareal.

Kommunedelplanen opnar for deling i området og søker må gjera greie for dei forhold som vi har nemnd over ved innsending av søknad. Vår førebelse vurdering av den tomten som er skissert i førespurnaden er at han ikkje har ei tenleg form og at han kan vera vanskeleg å utnytta på ein god måte. Ei konkret vurdering vil skje ved innsending av søknad om deling der kommunen vurderer søknaden opp mot dei krav som gjeld.

Dersom de ønsker ytterlegare rettleiing må de be om ein førehandskonferanse. Kommunen vil då førebu eit møte og gå gjennom dei rammer og føresetnadar som ligg til grunn for ei deling i dette området. De må leggja ved førespurnaden skisse som viser planlagt plassering av ny grunneigedom.

Skjema for førespurnad om førehandskonferanse finn de her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Vi gjer merksam på at førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste. Per dato vert det fakturerert kr 3 300,-.

Meir informasjon om deling finn de her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/kontakt-oss/>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Solveig Gjerde Eikanger Namdal, Terje Namdal	Mykingvegen 153	5913	EIKANGERVÅG
Terje Namdal	Mykingvegen 153	5913	EIKANGERVÅG